

Tove Kristin og Vidar Sleire Tistel

Sleirsvegen 577

Litle Sleire

5986 HOSTELAND

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE

Postboks 5091 Majorstua,

0301 OSLO

Litle Sleire 18.04.2016

**132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon, merknader til**

**tilleggssøknad om trasealternativ 3**

Me er glade for at det vert teke omsyn til innspela i førre søknad om trasealternativ ! Det er viktig å unngå kraftlinje i dei produktive areala i Myrdalen og langs Bastelielva, dei framifrå friluftsområda på dalen med sin fine flora og fauna og ikkje minst kulturhistorisk verdi .

Som grunneigar på Litle Sleire 9.2, næringsdrivande med etablert Inn På Tunet, familie, turgåarar, jakt - og friluftssinteresserte , vil me komme med nokre merknader til linjealternativ 3.

I trasealternativ 3 som no er omsøkt har me merknader til *plasseringa* av kraftlinja like ved toppen av Storenova.

Storenova 559 m.o.h er blant dei høgaste toppane "våre" og ei kraftlinje her vil vere veldig synleg og negativ utifrå ein landskapsvurdering.

Storenova er eit ynda turmål for folk alle aldersgrupper og her er ofte trimpost for idrettslaga på begge sider av kommune – og fylkesgrensa.

Ei kraftlinje plassert like ved toppen er særst negativt for friluftslivet i dette området som har framifrå utsiktspunkt, fine vatn nedanfor og gode turområde. Me vil og vise til fuglevivet og ber dykk om å sjå det i samanheng med dette området og dalføre og vatna som ligg nedanfor og dei verdiane som i det ligg.

Ei kraftlinje vil føre til auka kollisjonsfare for allereie sårbare og truga artar som til dømes rypa i dette området.

Viser og til at retningsbestemte formasjonar i landskapet ofte tener som sokalla leielinjer for trekkfuglar. Døme på dette er dalføre, elvar, store vatn og kystlinjer.

Overordna bør de legge vekt på den **samla belastninga** me vil få med kraftlinje eventuelt bak oss og framfor oss. Dette då den planlagde kraftlinja 420 kV Modalen – Mongstad vil gå via Sleire –er dette er meir enn me som innbyggjar kan leve med i dag og i framtida. Tunge tekniske tiltak som kraftmaster og – linjer, påverkar sterkt negativ - oss som ynskjer å oppleve natur og landskap, og som skal bu og leve i området, no og i framtida!

Med helsing frå familien

Tove Kristin & Vidar Sleire Tistel



Storenova for liten og stor...



Utsikt frå punkt på nedsida av toppen

Storenova – på Sleire-sida

### **Storenova 559 m.o.h**



Linjealternativ 3 vil vere synleg i høgre del av bilete...



Bilete tatt nedanfor Storenova – på veg austover igjen..